

# Rinden



## FAKTA

<b>Trimpoeng:</b>	10
<b>Høgde over havet:</b>	369 m
<b>Lengd merka løype:</b>	2,3 km
<b>Stigning merka løype:</b>	341 m
<b>Underlag/terreng:</b>	Mark, myr, berg, torv
<b>Signeringar i 2013:</b>	1308

## OM STADEN

Dette er høgste punktet på Sandsøya. Med sine 369 meter over havet og om lag 2000 løypemeter frå bilveg er Rinden også den klart mest krevjande toppen å bestige. På toppen har ein full oversikt i alle tenkjelege vinklar og himmelretningar. Mot vest ligg storhavet med Dollsteinen i framgrunnen. Reint vakkert er det ved solnedgang ein sein sommarkveld. Mellom toppen og den ti meter lågare Signalen, som ein kilometer med sti lenger ute, er Øynavatnet. Rinden er den tredje toppen på Sjutoppsturen, og er naturleg nok å rekne som den hardaste delen av turen.

## TURALTERNATIV

Det er to "direkteruter" som er mest aktuelle. Frå Bringsvor går den merka stien, men det er også etablert løype frå Støyle som er lett å finne fram i. Eit tredje alternativ kan vere ruta frå Skare via Sandslegene.

**Frå Bringsvor** er det 2,3 km frå der merkinga startar ved toppen av Bringsvorbakken – ytterlegare 300 meter frå parkeringsplassen ved skulen. Første 500 meter går på dyrka mark. Deretter er det eit parti med oftast ein del myr og depel, før ein kjem opp på høgda der det er tørrare og meir berggrunn. Siste halvdel er noko slakare enn den første.

**Frå Støyle** er ein i utmark etter berre 100 meter, men første delen her er vanlegvis noko tørrare. Total lengde frå vegen er 1,9 km. Omtrent like mange høgdemeter som frå Bringsvor, og difor gjennomsnittleg noko brattare første halvdel. Halvvegs kjem ein inn på stien frå Bringsvor.

**Frå Skare** går ein først til Sandslegene, så litt lenger innover til ein kjem inn på stien frå Støyle. Denne ruta kan vere mest aktuell om ein går over Rinden og ned til Dollsteinen via Signalen for deretter å ta seg inn att gjennom fjøra til Skare.

## BILETE

